

Dato	Elevkode	Kjønn:	Det første språket du lærte:	
18.02.14	1614	jente gut [redacted]	norsk anna [redacted]	Oppg 5. A overbevise presenterings- lekst

Leksefri

Eg vil prøve å overbevise lærarane i Noreg om att lekse kanskje ikkje er det beste og att det burde vere meir frivillig.

Kvifor har vi lekser?

Kvifor skal barn sitte inne å bruke fritida si på dette?

Fyrst har vi ein 6 timar lang skuledag, så meiner lærerane at vi skal heim og sitte i enda fleire timar å gjere lekser. Dei timane på skulen synes i vertfall eg er nok. Barn må få gjere andre ting enn berre skule, vi må få ha det artig, vere med venner og familie.

Mange lærarar synest vi skal bruke minst to timer på leksa vår kvar dag. Det synes eg ikkje er greitt. Det blir for mykje. Eg synes det burde vere eit klart skilje mellom skule og fritid. Vi har andre hobbyar som vi heller vil gjere. Vis ein har prøver eller framføringar kan ein øve på det. Men eg synest ikkje vi skal ha noko meir lekse da. Skulearbeid gjer oss slitne, sure og vi for lite energi. Dersom ein ikkje klarer leksa, eller må bruke lang tid, får ein dårlegare sjølvtilit. Det hadde hjelpt godt og ikkje ha lekser. Vi kan heller ha ein time ekstra på skulen, å repetere det vi har gått igjennom den dagen. Eller ha arbeidsplan. Sjølv sagt kan jo dei som har lyst eller synest dei treng å gjere lekser, få lov til det. Men det er ikkje alle som har foreldre, som er heime heile tida, og som kan hjelpe dei med leksene. Og sjølv om dei har foreldre heime, er det ikkje sikkert dei veit alt. Dersom foreldra har bra utdanning er det tre gonger så stor sjans for att ungane deira får bra utdanning også. Men på skulen så kan alle få like god hjelp. Det er skulen som har ansvar for at elevene skal lære, ikkje foreldra. Alle klarer ikkje å jobbe like fort, eller har like god hukommelse, så lærarane burde gå meir inn i kvar enkelt av elev og gi dei det arbeidet dei bør ha. Fordi lite arbeid for ein elev, kan vere ekstremt mye jobb for ein anna.

Det har vore ein undersjøking, og det beviser att skuleelevar er meir fokusert på skulen utan lekser. Dei blir i betre humør, og lærer fortare det dei driv med.

Denne veka som eg har skrive dette, har vi i klassa hatt i lekse å skrive kva vi har gjort etter skuletida. Det viste seg att alle elevane i klassa (15) brukte 30 timer, altså i gjennomsnitt to timer på tre dagar for kvar elev.

Og vi brukte heile 55 timer på data og videospill disse dagane. Men det var nokon som brukte berre 10 min om dagen, mens andre bruker 5 timar kvar dag.

Det eg har funne ut er at vi på denne skulen vi går på eigentleg ikkje har så mykje lekse. Men det verker som at det er mykje fordi vi drøyer og gruer oss til å gjere det i staden for å gjere leksene med ein gong. Men det er forskjell på alle skuler.